

## Norsk Pelssaulag – medlemskriv

Sogndal, 26.10.2023

### 1. Endring i styret

Sidan den valde leiaren i Norsk Pelssaulag, Knut Sveinung Kleppa, gjekk bort, har styret i møte den 28.09.23 konstituert seg slik:

Leiar:	Jarle Skartun – tlf. 918 66005
Nestleiar:	Jan Sandblost – tlf. 901 84763
Styrelemer:	Terje Bakken – tlf. 950 60928
	Irene Staurust Amundgård – tlf. 481 40483
	Anne-Lise Haugdahl Humstad – tlf. 988 42177
1. vara:	Ken Lunn – tlf. 952 34775

### 2. Livdyrprisar

Styret har vedteke følgjande om rettleiande livdyrprisar:

Norsk Pelssaulag tilrår eit "pelssautillegg" på kr. 1000 i tillegg til NSG sine rettleiande prisar på NKS. Tillegget er grunngeve med verdien av skinnnet når det vert bereidt. Kostnader med prøvetaking kan i enkelte tilfelle koma i tillegg. Prisane på saulam gjeld frå buskapar som gardsmønstrar flokken, og for lam som held minst disp.krava i kåringsregelverket.

Kåra Værlam:	Grunnpris:	5000 kr
	O-indeksstillegg:	50 kr per poeng over 115
	Gentestillegg:	400 kr
Pelssaulam i flokk:	Grunnpris:	4100 kr
	O-indeksstillegg:	25 kr per poeng over 115
Vaksne søyer:	Grunnpris:	4200 kr
	O-indeksstillegg:	25 kr per poeng over 115
Avkomsgranska verar:	Grunnpris:	6000 kr
	O-indeksstillegg:	200 kr per poeng over 115

Du finn dei også på laget si heimeside:

<https://www.nsg.no/norsk-pelssaulag/info/livdyr/livdyrpriser-2023>

### 3. Landsdommarsamling på Lesja og andre kurs

Helga 26.-27. august var 15 pelssaualarar samla til dommarsamling på Dombås. Irene Staurust Amundgård stilte fjøsen sin til disposisjon og Paul Håvard Skotte kom med pelslam som skulle mønstrast. Det er viktig at alle som skal kåra og dømme pelslam dømmer likt og etter vedtekne retningslinjer.

Det er elles halde kurs i pelsmønstring hjå Steinar Hofslundsengen og Hilde Valland

Hofslundsengen, Sogndal og Snorre Forsbakk, Fauske.

Det er no i siste liten å gjennomføra kurs for pelsen taper seg utover hausten. Men dersom du har lam som du gjerne vil ha mønstra, så ta kontakt med einkvan i styret, så vil dei formidla kontakt med ein dommar.

Hugs at skal du få rekna O-indeks på pelssauene må du vera medlem av sauekontrollen, mønstra pelslamma og føra pelsdata inn i sauekontrollen. Dessutan må avlssjef Thor Blichfeldt få melding om at det skal reknast indeks på pelssauene.

#### 4. Bereiing av skinn

Norsk Pelssaulag organiserer også denne hausten felles tarnsport og bereiing av pelsskinn i Sverige. No har nok mange slakta sauer og lam. Men har du enno dyr som skal til slakt og du vil nytta deg av medlemstilbodet frå laget så hugs at

- a. dyret må oransje returklyper med påskrift «Norsk Pelssaulag» (tingast hjå Os ID AS <https://www.osid.no/product/slakterimerke-oransje-norsk-pelssaulag/> )
- b. og at du fyller ut følgjeskjema <https://www.nsg.no/getfile.php/13167263-1661461596/Fylkeslag/Andre%20lag/Norsk%20Pelssaulag/PDF-filer/F%C3%B6ljersedel%20WEB%20NO2022.pdf>
- c. Følgjeskjemaet må fyllast ut i tre likelydande eksemplar og sendast med dyrebilen. Ta gjerne eit fjerde eksemplar som du beheld sjølv.

Første sendinga av skinn til Sverige kjem til å gå i månadsskiftet november/desember, slik at skinn av dyr slakta før 10. november vert med. Andre leveransen går når me hentar attende dei første skinna i månadsskiftet januar/februar.

Vedlagt følger også medlemskriv dat. 18.09.22 der ordninga med skinn er omtala. Eigen «Merkelapp» med stell og vask av bereidde skinn vil Donnia Skinn AB syta for å leggja ved til kvar enkelt produsent når skinna vert returnerte.

Beste helsing

Leif Arne Nordheim  
(for styret)  
Tlf. 90745567

Vedlegg: Medlemskriv dat. 18.09.22  
Indeksar på pelssau, oppdatert 26.10.23